

Helge Dimmen – ny formann i krinsstyret

På styremøtet i ImF Sunnmøre i oktober vart Helge Dimmen frå Giske vald som ny krinsstyreleiar/krinsformann. Vi tok ein prat med Helge for å høyre kva tankar han har om å gå inn som leiar av krinsstyret.

Kva var grunnen til at du sa ja til å gå inn i krinsstyret?

– I sommar var eg å kona mi Randi på veg på ferie, og stansa nokre dagar på hytta vår på Bjorli. Der fulgte vi overføringane frå møta på Lyngdal Bibelcamp, og ein av kveldane tala Marit Stokken Berland over eit ord i apostelgjerningane. For både meg og Randi vart dette ei konkret kallsoppleving om at no skulle eg svare ja til å gå inn i krinsstyret og gjere ei teneste der for ein periode.

Mange av Heimemisjonen sine lesararar veit sikkert kven Helge Dimmen er, men kan du med nokre få ord fortelje litt om deg sjølv?

– Eg er no vorten pensjonist etter å ha arbeid i skuleverket heile livet. Eg er som nevnt gift med Randi, vi har tre born og har etter kvart fått fire barnebarn. Eg har på fritida hatt ein naturleg plass i indremisjonsarbeidet knytt til Giske bedehus. Eg har også vore med i anna frivillig kristent arbeid deriblant også i laurdagskveldssendingane til Radio Sunnmøre.

Synes du det er skummelt å skulle gå inn som øvste leiar for ein organisasjon som ImF Sunnmøre?

– Skummelt er det ikkje, men krinsen har eit stort og samansett arbeid gjennom sine mange ulike underavdelingar. Her har vi mange gode og dyktige medarbeidararar som gjer ein stor innsats rundt om. Vi treng alle saman mykje forbøn, ikkje minst i den tida vi er inne i no kor det er utfordrande å få drive arbeidet slik vi har vore vant til.

Kva har vore dei største endringane i det kristne arbeidet på Giske frå din ungdom og fram til i dag?

– På Giske har vi fått oppleve eit rikt arbeid mellom alle aldersgrupper, men vi har også opplevd at særleg ungdomsarbeidet har vorte mindre av. Det som er mi bøn er at vi må få dei unge til å fortsette å ta ansvar i forsamlinga og det kristne arbeidet også etter at dei er ferdige med søndagsskule med meir. Dette er ei nød for meg og for forsamlinga vår. Vi er ikkje ei gamal forsamling, men vi har for lite rekrutering.

Kva trur du om framtida for Guds rikes arbeid i Noreg?

– Det er mykje som kan skremme oss på mange måtar, ikkje minst når vi ser kva som vert løfta fram i media med meir. Men arbeidsgjevaren vår har framleis all makt, og det er mykje å gle



Helge Dimmen sammen med kona Randi på Preikestolen i Rogaland

seg over. Når vi samlast og kjem saman ser vi at vi er mange som står saman for Guds rike. Vi har mange utfordringar men mykje å gle oss over. Og så har vi forbøna som vi skal få lov å bruke, og vi må

oppfordre kvarandre til å stå med i bønearbeidet.

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Privat

En annerledes jul:

I skrivende stund viser kalenderen 1. desember og vi er for alvor inne i adventstiden. Spalteplassen i lederen for denne Heimemisjonen vil ha fokus på en annerledes jul.

De fleste av oss er nok etter hvert innforstått med at både advent og julen 2020 blir annerledes enn det vi har vært vant til. De mange kjære og viktige tradisjoner har enten blitt endret eller enda verre, avlyst. Ikke kan vi ha julebord, gå på store julekonserter, og det blir nok heller ikke storfamilie samlinger eller juletefester. Husk sprit, avstand og vasking av hender har nærmest tatt over for "vaska golv, hengt opp fugleband og pynta tre".

Vi håper i det lengste at de "vise menn" som vi dette året har lært å kjenne som Nakstad og Høie snart kommer med et budskap som er "glede for hele folket".

Uansett om mye vil måtte bli annerledes når det gjelder julefeiring dette året, er ikke julen avlyst, og der lyder fortsatt et budskap som er en glede for alt folket. Om nettopp denne annerledes julen kan være en døråpner for oss alle til å fokusere på DEN jul som har gjort alt annerledes, ja gjorde alt nytt, for hele

menneskeslekten. I møte med den tre ganger Hellige Gud fikk Moses høre slik vi leser i 2. Mosebok kapittel 3 og vers 5: "Hold avstand, kom ikke nærmere", Profeten Jesaja ropte ut gjennom sine urene lepper slik det står hos profeten Jesaja kapittel 6 og vers 6: "Jeg er fortapt, for jeg er en mann med urene lepper, og mine øyne har sett kongen, og Peter sier i Lukas kapittel 5 og vers 5: "Herre, gå fra meg, for jeg er en syndig mann!" Det er nesten som å være i 2020: Avstand, avstand og avstand

Og så skjedde der noe en "annerledes" julenatt i Betlehem! Og vi leser slik det er så flott skrevet hos evangelisten Johannes kapittel 1 og vers 14: "Og ordet ble kjød og tok bolig iblandt oss. Og vi så hans herlighet, en herlighet som den enbårne Sønn har fra sin Far, full av nåde og sannhet."

Der møter vi en Gud som gir frelse, ikke dom, som inviterer til nærhet og ikke avstand. Han kommer med lys og fred og driver mørke og frykt ut!

"Å, kom, jeg opp vil lukke Mitt hjerte og mitt sinn Og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn! Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt, så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt (Sangboken nr.643 vers 4)

"Hold avstand, kom ikke nærmere"



Johan Halsne
Krinsleiar
ImF Sunnmøre

ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

Krinsleiar ImF Sunnmøre
Johan Halsne
Heimemisjonen
Redaktør: Johan Halsne
Postboks 7836 Spjelkavik,
6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70
Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
E-post: sunnmøre@imf.no
Internett: www.imfsunnmøre.no
ImF-UNG Sunnmøre
imfung-sunnmøre.no

Brusdalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255
Orreneset Misjonscenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211
Daggry barnehage
Telefon: 70 18 24 97
Bankgiro: 3000.21.36682
Ålesund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
Bankgiro: 8220.02.20788

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
Bankgiro: 8220.02.80287
Møre barne – og ungdomsskule Skodje
Telefon: 40 29 36 41
Bankgiro: 3000.32.36796
Møre barne – og ungdomsskule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
Bankgiro: 3000.18.45655

Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S
Telefon: 70 17 86 60
Vakttelefon: 90 86 38 56
Plussreiser AS
post@plussreiser.no
Telefon: 70 17 90 00
www.plussreiser.no
Radio Sunnmøre
Telefon: 70 15 41 00
Bankgiro: 3900.21.10311
www.radiosunnmøre.no

Vi takkar for laget,

- i alle fall for eit år

Mathias Lindgren Mulelid har sidan august 2016 vore tilsett som barne- og ungdomsarbeidar i ImF-UNG Sunnmøre. No har Mathias fått seg arbeid som ungdomleiar i Misjonssalen Ålesund, og har fått innvilga 1 års permisjon hos oss.

Vi har tatt ein prat med Mathias, om tida hos oss og om kva han tenkjer om stillinga han skal inn i.

Mathias, kva har vore arbeidsoppgåvene dine i ImF-UNG Sunnmøre?

- Mitt ansvar har primært vore arbeid med store barn og ungdom. Eg har hatt ansvar for leirar på Orreneset og guttleiren på Brusdalsheimen, så har eg hatt leiaransvar for PitStop og «Natt til 1.mai» arrangement. KonFu har også vore mi oppgåve som representant for ImF-UNG Sunnmøre, det er eit samarbeid med Emblem bedehusforsamling, Misjonssalen Ålesund og NLM Ung Nordvest. Så blir det også ein god del lagsbesøk rundt om på Sunnmøre og så har eg hatt andakter ein gong i månaden på Møre Hatlehol. Eg har også vore talar på ein del møter for vaksne.

Kva har vore det kjekkaste å jobbe med?

- Å møte barn og unge er det eg trives best med, så eg likar godt både leir og lagsbesøk. KonFu er også veldig kjekt å vere med på, der får eg følge ungdomane over tid og bli litt betre kjent med dei. Så må eg også få seie at eg trives godt på kontoret. Vi har eit godt fellesskap og eg har fått god oppfølging. Det har vore eit godt team her med Hilde-Sofie, Randi og meg, så det blir spennande å gå inn i eit nytt team som eg skal bli ein del av.

Kva ser du fram til i den nye stillinga du skal inn i?

- Først og fremst at eg får ei litt

meir fast gruppe med ungdommar som eg får følgje over tid. Eg skal ha ansvar for «Fredag» som er Misjonssalen sitt ungdomsarbeid, og så får eg fortsette med KonFu og ha medansvar for Misjonssalen sine konfirmantar.

Vi takka Mathias så mykje for tida her hos oss, for alt det gode og positive han har bidratt med. Så får tida vise om vi kan få ønske han velkommen tilbake.

Lykke til, og Guds velsigning i den nye jobben!

PitStop på Valderøya

16.-18. Oktober var det PitStop på Valderøya, det bestod av ungdomsmøter fredag og lørdag, søndagsmøte og en gospelnight.

Det var et samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NLM Region Nordvest og Valderøy bedehus. Gjennom helgen var det

på det meste samlet rundt 130-140 ungdommer på møtene. Talere denne helgen var Joakim Solbakken som talte fredag kveld og Mathias Lindgren Mulelid som talte lørdag kveld og søndag formiddag. De talte over temaet «Synd og tilgivelse».

Det var flott lovsang gjennom hele helgen som var ledet av lovsangsgruppen «Refuel» som til vanlig holder til på Vigra bedehus. På gospelnighten lørdag kveld stod Respons og Ole Andreas Høyberg fra Emblem bedehusforsamling for innholdet med gode solosanger,

korsanger og felles lovsang sammen med resten av forsamlingen. Bildøy teamet var også med under helgen med stand, konkurranser og en apell på lørdagens gospelnight. Det kom også fram etter forbønn at det var ungdommer som gjennom helga hadde valgt å ta imot Jesus.

Vi er veldig takknemlig og glad for at vi fikk til å arrangere PitStop denne høsten sånn situasjonen er og har vært.



Mathias Lindgren Mulelid taler på Pit Stop.

Minileir

på Brusdalsheimen

2.-4.klasse kr. 460

6.-7. februar

17.-18. april

Påmelding:
Imfung-sunnmore.no



WinterGames

ORRENESET

Vinterleir med ski og
andre aktiviteter

Pris 750,-
+ eventuelt heiskort

5.-7. februar, 4.-7. klasse

5.-7. mars, 7.-10. klasse

Påmelding:
Imfung-sunnmore.no

Julemarknad for Brusdalsheimen



Salgsbodene henholdsvis fredag (t.h.) og laurdag.

Den tradisjonelle julemarknaden for Brusdalsheimen vart i år både vellukka og dramatisk.

Vanlegvis vert julemarknaden halde i Spjelkavik bedehus i slutten av november. Nokre år har veret vore fint nok til å vere ute med salsboder, med meir utanfor Vikakroken (krinskontoret) i Spjelkavika. På grunn av dei strenge smittevernsreglane som var innført i november, vart det bestemt å gjennomføre markanden utandørs.

Eit korps av frivillige rigga opp bodene, og mange hadde lagt ned eit stort arbeid for å skaffe ulike salgsvare. Her kunne du få kjøpe det meste du treng både til julegaver og til julemat. Fredag ettermiddag var det nydeleg ver og mange kom og kjøpte sine varer i salsbodene. Det var god stemning og godt med folk som kosa seg i den fine haust/vinterdkvelden.

Laurdagen skulle vise seg å verte langt meir dramatisk, men samstundes også vellukka. I løpet av natta frå fredag til laurdag bles det opp til storm og dette gjekk hardt

utover salsbodene. Når Hilde og Arvid Lukkedal kom og skulle opne salet låg dei flese bodene spredt utover parkeringsplassen. Det var lagt ut melding på Facebook om at julesalet på laurdag måtte avlysast. Dei frivillig seljarane måtte i staden bruke tida si til å rydde opp. Det kom også naboar og hjalp til med dette arbeidet.

Menfolk kom til julemarknadlikevel, og salet kunne fortsette. Denne gongen gjennom kontorvindaugget til ungdomsavdelinga i ImF Sunnmøre. Når dagen var omme var så å seie alle salsvarene vekke.

Sjølv om alt vart heilt annleis enn først tenkt, vart det ein vellykka marknad

Totalt kom det inn rundt 115 000,- til Brusdalsheimen desse to dagane, noko som vi må seie oss svært godt nøgde med. Ein stor takk til alle som kom og handla, til dei som hjelte til på førehand og under salet og til dei som hjelte oss å rydde etter stormen sine herjingar.

Neste år håpar vi at vi kan arrangere «vanleg» julemarknad igjen.

/// **Tekst:** Arild Ove Halås

/// **Foto:** Hilde Giske Lukkedal

Digitalt stjernerdyss

Stjernerdyss i advent har vore eit fast innslag på Sunnmøre dei siste åra. Saman med gode songarar og spanande gjester har krinsleiar Johan Halsne reist rundt og besøkt dei ulike bedehusa på Sunnmøre med noko som kan kallast eit «talk-show» på bedehuset.

I år var dette umogleg som så mykje anna grunna Covid 19 og dei smittevernstiltaka som har vore

gjeldande i november og desember. Dermed vart det bestemt at ein ville prøva å lage eit digitalt Stjernerdyss.

Ingeløa på Godøya vart leigt inn som studio, og det vart omgjort til eit fint TV-studio. Håkon Østrem stilte som lydmann, Elias Akssen hadde ansvar for lys og Nikolai Sundklakk var fotograf. Til saman vart det spelt inn seks program som vert lagt ut på ImF Sunnmøre si nettside og Facebook-side kvar fredag kl. 19.30 i tida fram til nyttår.

Programma ligg ute slik at du kan gå inn og sjå dei når det måtte passe for deg. Av songarar har vi hatt med både Ole Andras Høyberg, Tor Rødseth, Marit&Irene, Hilde Gjengedal og Gudrun Longva og vi

har også hatt med Familien Knotten. Saman med gode gjester trur vi dette har vorte fine program på om lag 45

minutt kvar som du kan kose deg med no i jula.

/// **Tekst:** Arild Ove Halås

/// **Foto:** Randi Fagerhol Lauvås

Aud Kindervåg Halsne og Arild Ove Halås under opptak på Ingeløa.



Historisk Digital Radiomesse for Radio Sunnmøre

På grunn av COVID-19 valde Radio Sunnmøre og ha si årlege Radiomesse digital i år fredag 6. november. Radiomesa gjekk ut med eit rekordresultat på over 300 000 kroner.

Dette gjekk over all forventning. Eg kjenner engasjementet og støtta frå våre lyttarar langt inn i marg og bein, og det rører langt inni hjartet, seier ein overvelda dagleg leiar, Ragnhild Kristine Vartdal Espelund.

I år valde komiteen for Radio Sunnmøre si årlege radiomesse å la messa gå digitalt. Det var nerver i forkant for om ein då fekk selt nok lefser og bakst, og ikkje minst basarbok, i forhold til at ein kom til miste inntekt på kafèsal, grautsal, tombola og lynlodd. Og ikkje minst alle dei hundre som brukar å kome på den årlege radiomesa for å kjøpe småkaker og gjærbakst til jul.

Vi ynskja å vere med på den felles dugnaden for å få ned smitta av koronaviruset, og aller helst bli kvitt dette viruset for godt. Og sidan mange av dei som er med og som er uunnværlege for at ein slik dag skal gå opp er i den eldre garde, så var det naturleg å avlyse den fysiske messa. Gjengen heiv seg rundt å baka i to veker over fire hundre lefser, haugar



Helge Dimmen og Are Bakke betjente salgs luka under den digitale Radiomesse.

med aniskringler og ambrosiabrod, og mykje anna godt. Dette gjekk som varmt, eventuelt fryst, kveitebrød på dagen, fortel ei nøgd Vartdal Espelund.

Kokte på telefonen

Det kokte på telefonlinjene midt på dag, så vi måtte restarte linja. Folk ringde og bestilte varer og lodd, og fleire gav ei messegåve og takka for at vi ikkje hadde fysisk messe i år. Det var heilt fantastisk å få vere med på. Då siste sendetime kl. 22 var over var resultatet på 200 000 kroner, og oppå dette gir ein anonym givar 100 000 kroner. Dette er til å bli glad, rørt og stolt over, seier Vartdal Espelund.

Utan dei frivillige og engasjerte lyttarane til Radio Sunnmøre ville dette aldri gått. Det er heilt tydeleg at denne radioen betyr svært mykje for svært mange. Ei stor takk rettast til alle i hop, legg ho til.

Ein radio som betyr mykje

Den digitale radiomesse vart gjennomført med fleire gjestar i studio, som utviklingsminister Dag Inge Ulstein, artist Adam Cliff/Ole Andreas Høyberg, og fleire av dei frivillige som var med og fekk dagen til. Radio Sunnmøre sender over heile Sunnmøre på FM og DAB, i tillegg til døgnet rundt på internetradio og via appen Radioplayer.

Det er fantastisk at ein liten lokalradio som Radio Sunnmøre når fleire tusen lyttarar på Sunnmøre kvar veke, i tillegg i år har hatt rundt 20 000 brukarar som ein når med intervju lagt ut på heimesida og podkast, og har over 6000 aktive følgjarar på facebook. Det er heilt tydeleg på oppslutninga av denne digitale radiomesa at Radio Sunnmøre er ein lokalradio som mange ynskjer å ha, og det varmar, avsluttar dagleg leiar Vartdal Espelund.

//// Tekst: Arild Ove Halås

//// Foto: Radio Sunnmøre

Ventetid

Radio Sunnmøre, ImF Ung Sunnmøre og ImF Sunnmøre har dette året gått sammen om å produsere en adventskalender som har fått navnet Ventetid.

Hver dag fra 1.-24. desember blir det åpnet en ny luke. Her finner du gode tips til juleaktiviteter, julebakst og andre ting du kan gjøre i førjulstida. I tillegg får du hver dag enten ett bibelord eller et dikt med fokus på julebudskapet.

Lukene åpnes på den måten at du finner de på Facebook-sidene til

både radioen, ungdomsavdelinga og kretsen sine sider. Hver dag sendes dette også på Radio Sunnmøre sine hovedprogram. Her får du naturlignok bare lyden, men så kan du etterpå gå inn og se filmene på Facebook hvis du ønsker det.

Det er Hilde Sofie Blindheim Østrem (barnearbeider i ImF Sunnmøre), Randi Fagerhol Lauvås (leder for ImF Ung Sunnmøre), Johan Halsne (krinsleiar), Ragnhild Kristine Vartdal Espelund (daglig leder for Radio Sunnmøre) og Arild Ove Halås (ansatte i kretsen og radioen) som deltar i de ulike episodene.

Fotograf og tekniker er Kjell Harald Otterlie på utlån fra Pluss-reiser.

Fremdeles kan du gå inn og se alle episodene på Facebooksidene til enten Radio Sunnmøre, ImF

Sunnmøre eller ImF Ung Sunnmøre.

//// Tekst & foto: Arild Ove Halås

Johan Halsne og Ragnhild Kristine Vartdal Espelund under innspilling av Ventetid.



Mannsmøte på Brusdalsheimen

Det er en lang og god tradisjon at ImF Sunnmøre og Normisjon Region Møre går sammen om å arrangere Mannsmøte på Brusdalsheimen hvert år i januar. Slik blir det også dette året.

I år er det misjonær Alf Halvorsen som kommer og blir med som hovedtaler. Han var også med for to år siden så det ligger an til et gledelig gjensyn for de mange menn som er faste deltakere på mannsmøtet. Det har vært folk både fra Sunnmøre og fra Romsdalen som har deltatt på denne helga. Som vanlig blir det med ulike sangkrefter i løpet av de to dagene Mannshelga varer.

Alf Halvorsen skulle etter planen reise ut igjen til Mail i januar, men på grunn av coronapandemien må han og kona Hilde blir hjemme i Norge. Det gjør at Halvorsen også kan ta andre oppdrag for Normisjon sier regionleder Torgeir Frøvik Frøsøye.



Alf Halvorsen på talerstolen.

Mannsmøtet blir helga 8.-9. ved å ta direkte kontakt med januar og du kan melde deg på Brusdalsheimen.

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Johan Behrentz

www.
nesbakk.
com



**SKODJE
AUTO AS**

Telefon: 70 27 59 75 - post@skodjeauto.no